

Kontrakt for Eidsvik gir full sysselsetting

31.10.2011

Eidsvik Skipsbyggeri vil få kontrakten på å utrusta eit fiskefartøy for Liegruppen Fiskeri i Straume på Sotra, Det betyr full sysselsetting for Uskedalens største verksemd. Skroget er under byggjing i Lirauen og samla verdi for skrog og utrustning vil truleg liggja rundt 340 millionar kroner. Båten blir 64 meter lang og 14 meter brei og skroget kjem til Uskedalen i februar. Båten skal leverast i august.

Eidsvik har i mange år hatt nært samband med dette rederiet. Det nye fartøyet skal erstatta Ligrunn som var innom Eidsvik for opprusting seinast i fjor. og som er den tidlegare Geysir bygd i Danmark i 1979.

Design på den nye båten har Wartsila Ship Design Norway på Fitjar ansvaret for. Nybygget er prosjektert med tanke på god framdrift, dieseforbruk og det er utrusta med katalysatorer for å redusera NOX utslepp. Det er innreiing og lugarar for 14 mann.

I summen 340 millionar ligg opsjon på ein fiskebåt til. Med underleverandørar vil 75 mann bli engasjert i dette prosjektet opplysar Ståle Hallingstad til uskedalen.no

Av Ola Matti Mathisen